



Rekneskapsrapport pr januar 2024

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
23/8260

JournalpostID:
24/10742

Saksnr: 30/2024	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 07.03.2024
---------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr januar 2024 til orientering.

Bjørnafjorden, den 13.02.2024

Torgeir Sæter
Konstituert kommunedirektør

Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval: BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 07.03.2024

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr januar 2024 til orientering.

Samandrag:

Det er begrensa kva vi kan forut sjå om 2024 på bakgrunn av ein månad. Vi kan likevel slå fast at vi går inn i 2024 med betre føresetnader for å kunne halde budsjetttrammene enn det vi gjorde i 2023. Det er i budsjettet for 2024 vedtatt ei rekke konkrete tiltak for å tilpasse driftsnivået til budsjetttrammene. Det inneber knallhard jobbing i organisasjonen gjennom året for å realisere tiltaka, men om vi lukkast vil vi kunne snu den økonomiske situasjonen for kommunen.

Dessverre må vi starte også dette året med å melde negativ prognose. Det er legevakt og legetenester som peikar seg ut som eit område der vi startar med dårlege «odds». Legevakt stasjonen i Eikelandssosen er berre finansiert fram til 01.04.2024, medan det er lagt opp til å halde fram med dagens drift fram til 01.07.2024. Osøyro legesenter blir drifta med legar frå bemanningsbyrå noko som vil gje eit meirforbruk på ca. 2,4 mill. kr for 1. kvartal 2024. Etter det håpar vi at det er på plass ei anna og mindre kostnadskrevjande ordning, men vi har ingen garanti for dette.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon vedr. den økonomiske situasjonen til kommunen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksframlegg:

OM RAPPORTEN

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr. januar for løns-intensive einingar er ca. 9 %. Kolonna Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventta meir- /eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

FRIE INNTEKTER

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Prognose for 2024: Frie inntekter ser ut til å gå i balanse i 2024.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Stortinget behandla før jul framlegg til statsbudsjett for 2024. Stortinget sitt vedtak inneheld justeringar som har innverknad på kommunen sitt rammetilskot og på kommunen sine tenester/oppgåver. Budsjettet for kommunen må justerast som følgje av stortinget sitt vedtak. Det blir lagt fram eiga sak om dette.

Kommunen sine skatteinntekter har pr januar ein vekst på 2,6% i forhold til same periode i fjor. Tal for landet er ikkje publisert enno. Skatteinntektene for 2024 er budsjettert i tråd med statsbudsjettet for 2024. Ev. meir- eller mindreinntekter vil først vise seg nokre månader fram i tid.

Andre generelle driftsinntekter omfattar, rentekompensasjon frå Husbanken, utdeling frå havbruksfondet og integreringstilskot flyktningar.

Rentekompensasjon frå Husbanken kjem først i slutten av desember, det er ikkje venta negative avvik på denne. Budsjettert inntekt vedr Havbruksfondet er kr 8.000.000. Utbetaling frå Havbruksfondet kjem i 4. kvartal. I 2023 fekk kommunen kr 11.006.774.

Integreringstilskot til flyktningar er budsjettert med kr 72.076.000 og er såleis blitt ein stor budsjettpost for kommunen. Utgiftene til integrering av flyktningar er budsjettert i sektorane sine budsjett, og skal dekke integrering av dei flyktningane kommunen allereie har tatt i mot samt 20 nye personar. Mottak av nye flyktningar ut over dette vil gje auka integreringstilskot som vil måtte brukast til å dekke auka integreringsutgifter i sektorane. Vi må samtidig halde eit auge med talet på flyktningar som returnerer til heimlandet, då kommunen vil miste tilskotet for denne gruppa.

FINANS

Prognose for 2024: Finans kan få ei meirinntekt på ca. 1,4 mill. kr i 2024.

Prognose for meirinntekt er knytt til avkastning på langsiktig finansportefølje i januar 2024. Dette er ei usikker inntekt som vil forandre seg mykje gjennom året, og det er avkastninga 31.12.2024 som vil bli ståande i rekneskapen for 2024.

Det er spaning i finansmarknaden med omsyn til når styringsrenta vil bli sett ned. Det har over tid vore ei forventning i marknaden om at dette skjer noko tidlegare enn det sentralbanken(e) har kommunisert at dei ser for seg. Det kan synast som fleire no heller til at første rente nedsetting vil kome etter sommaren. Kommunen sine renteutgifter er realistisk budsjettert, og det er pr no ingenting som tyder på at renteutgiftene ikkje vil halde seg innafor budsjett.

FELLESOMRÅDE

Prognose for 2024: Fellesområde ser førebels ut til å gå i balanse i 2024.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Fellesutgifter omfattar m.a. post for dekning av årets lønsoppgjjer, utgifter til tillitsvalde, forsikringar av tilsette, tilskot til kyrkja og diverse andre utgifter som ikkje naturleg høyrer heime på sektorane. Det er budsjettposten til å dekke årets lønsoppgjjer som det er mest spaning til også i 2024. Lønsoppgjjeret for 2023 kosta langt meir enn det som var sett av til

dette (21,5 mill. kr). I budsjettet for 2024 er budsjettposten til dekning av årets lønsoppgjør auka til 40 mill. kr. Kommunen har såleis eit langt betre utgangspunkt for å handtere dette i 2024, men vi kan likevel oppleve at den avsette summen ikkje er stor nok.

Kommunen sine pensjonsutgifter er budsjettert i samsvar med pensjonsleverandørane sine prognosar for 2024. Lønsoppgjøret for tilsette og pensjonistar vil påverke reguleringspremien for pensjon. Dersom det blir eit godt lønsoppgjør i år er det ein risiko for at pensjonsutgiftene blir høgare enn budsjettert.

Det er budsjettert med 65,8 mill. kr i bruk av premiefond for å saldere budsjettet for 2024.

STAB

Prognose for 2024: Stab ser ut til å kunne gå i balanse i 2024.

Stab består av Sentral leiing, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT.

Stab heldt seg innafor tildelte i budsjetttrammer i 2023 etter å ha vore gjennom ei kraftig «slanking» dei siste åra, og det er pr no ingen teikn på at det ikkje skal skje også i 2024. Nokre «fellespostar» er no på eit så lavt nivå at det vil kunne få konsekvensar for øvrige delar av kommuneorganisasjonen.

OPPVEKST

Prognose for 2024: Oppvekst ser så langt ut til å gå i balanse i 2024.

Oppvekst rapporterer om balanse i 2024. Det er tidleg på året og det er fleire risikofaktorar. Desse er omtala under det enkelte område.

Alle einingane i Oppvekst driftar innan særst stramme budsjetttrammer. Mykje av aktiviteten innan oppvekstområdet er knytt til barnehage- og skuleår og rammene for barnehage- og skuleåret 2023/24 er stramme.

Arbeidet med å realisere nedtrekk i Omstilling 25 har starta og vil få effekt i løpet av våren/hausten.

Skular

Tala i januar gir ikkje eit heilt korrekt bilete av prognose. Det manglar refusjonar på sjukefråvær og i januar er det kostnadsføring frå desember blant anna. Vi ser ikkje noko meirforbruk per no, men det blir rapportert om særst stram drift.

Skulane har faste stillingar i henhold til sitt budsjett, og vi vil gjere justeringar før påske.

Det er stort korttidsfråvær noko som er utfordrande for budsjetta. Det blir brukt minimalt med vikarar, men vi må setje inn folk for å kunne levere forsvarlege tenester.

Arbeidet med å legge om finansieringsmodellen i skulen for elevar med store hjelpebehov har starta (omstilling 25-tiltak).

Familiens hus

Barnevernstenester

Institusjonsplasseringar, forsterka fosterheim og bruk av MST er blant kostnadsdrivarane i Barnevernstenesta. Tiltak i bruk per i dag ligg innafor budsjett.

Det er per no ein del ungdomsutfordringar som kan føre til plassering på institusjon fram i tid.

Per i dag har Barnevernet fleire saker for nemnda som vil koste mykje knytt til juridisk bistand både i februar og mars måned.

Barnevernet har i heile 2023 og ved i starten av 2024 gått med for få tilsette pga. sjukefråvær/vakansar.

Eining for Barn, unge og familiar

Lønsforbruket etter ein måned ser ut til å vere på rett nivå når alle korreksjonar er inkludert. Flyktningtenesta vil få auka sitt budsjett ved meirinntak av flyktningar. For dei andre tenestemråda er forbruket hittil i år på eit greit nivå.

Førebyggjande helsetenester

Lønsforbruket ligg på rett nivå og det same gjer driftsbudsjettet.

Vi har ikkje per no mottatt tilskotet frå Helsedirektoratet så berre 2 % av budsjetterte inntekter er ført.

Barnehagar

Barnehagane ligg høgt på %-vis forbruk som følgje av at vi har betalt ut tilskot for 3 månader til dei private barnehagane.

Alle dei 8 kommunale barnehagane i kommunen driftar etter tildelt budsjett. Barnehagane sine budsjett vart oppdatert etter meiroptak per årsmeldinga 15.12. 23. Løns- og driftsbudsjett mm er tilpassa reelle tal barnehageplassar (mellom anna bemanningsnorm). Vi veit at tal barnehageplassar blir ytterlegare redusert ved ny teljing og oppstart av nytt barnehageår pr. 01.08.24., men veit ikkje per no korleis vi treff med den reduksjonen vi har lagt inn i budsjettet.

Det var ein uventa stor auke i barnehageplassar pr. januar 2023 (+ 51 plassar i private barnehagar), men vi har forventa at talet skulle ned til et lågare nivå igjen grunna bl.a. folketalsprognosar med låge fødselstal. Tal plassar per januar 2024 er redusert frå januar 23, men vi har likevel 37 plassar meir enn i januar 2022. Det er framleis usikkert kor mykje barnetalet blir ytterlegare redusert ved oppstart av nytt barnehage år i august. Andre faktorar som barnehageplassar frå/til andre kommunar er svært usikkert og kan variere mykje frå år til år.

Det er ein fare for at det samla (kommunale og private) vil være fleire barn i barnehage i kommunen enn det vi har budsjettert for i 2024, men det er framleis svært usikkert fram til hovud-optaket 01.03.24.

Elles er det ein stor utfordring på barnehageområdet med auke i § 37 vedtak (styrkingstiltak for barn med nedsett funksjonsevne) og § 31 vedtak (spesialpedagogisk hjelp i barnehage). Ny organisering av fagsenteret gjer at vi kan gje eit meir heilskapleg tilbod i forhold til vedtak §31 og §37 og målet er at dette skal bidra til betre samla ressursbruk.

Tiltak – Oppvekst

Arbeidet med å realisere tiltak i budsjett (omstilling 25) har starta.

Vi held fram med kontroll og rapportering.

Vi har stillingskontroll og behovsanalyse før tilsetjingsprosessar.

HELSE OG VELFERD

Prognose for 2024: Helse og velferd ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 4,9 mill. kr i 2024.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Helse og velferd melder ein prognose på 4,9 mil kr i meirforbruk for januar. Prognosen er usikker da det så tidleg på året er vanskeleg å få den fulle oversikten over det eksakte utgiftsnivået.

Det største meirforbruket ligger på eining legevakt og legetenester. Sektoren er godt igang med utgreiingsarbeidet knytt til budsjettvedtak om å avvike dagens organisering av legevaktstasjonen i Eikelandssosen. I budsjettet er det lagt inn midlar til drift av dagens ordning t.o.m. mars mnd. Dette vil ikkje vere dekkande for 1/2 drift som ligg som premiss frå kommunestyret sitt budsjettvedtak. Avviket er på ca. 1,9 mil kr. Arbeidet med omgjering av det kommunale legekantoret i Eikelandssosen til næringsdrift er og sett på vent i påvente av utgreiinga om legevaktssituasjonen, noko som inneber at innsparinga vedr dette tiltaket kan bli forseinka og dermed noko mindre i 2024 enn lagt til grunn i budsjettet for 2024.

I samband med opning av det Osøyro legetenester har det vore naudsynt å gjere investeringar kva gjeld utstyr og operative system. Det blir jobba kontinuerleg med rekruttering samstundes som alternative løysningar blir vurdert. Legesenteret er pr i dag bemanna med legar frå bemanningsbyrå. Vi ligg anna til eit meirforbruk på 2,4 mil kr for 1 kvartal 2024, etter det håpar vi at det er på plass ei anna og mindre kostnadskrevjande ordning.

Nav meldar eit meirforbruk sosialhjelp på 600 000 kr. Dette kan sjåast samanheng med den generelle kostnadsveksten i samfunnet

Sektoren er godt i gang med å realisere alle tiltak som ligger i O 25 prosjektet. Det er forventa at dei fleste tiltaka vil gi økonomisk effekt i løpet av 2024.

Tiltak for å ta ned meirforbruket i Helse og velferd

Det er utarbeida prosjektplanar for gjennomføring av samtlege tiltak i O 25. Prosjektleiari er i tett dialog med einingsleiarane og følger tett framdrift på tiltak og den økonomisk status.

SAMFUNNSUTVIKLING

Prognose for 2024: Samfunnsutvikling ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 3 mill.kr i 2024.

Det største utfordringsbildet i samfunnsutvikling er vintervedlikehold/brøyting. Januar var ein krevjande månad for brøytinga. Gjeldande kontrakt gjeld ut mars månad, og det er ikkje rett fram å redusere omfanget av oppgåva utan å gå i strid med kontrakt. Førabels prognose visar at meirforbruket er om lag 3,0 mill. kr, men dette talet er fortsett noko usikkert då restoppgjær ikkje er endeleg. I tillegg vil summen auke dersom det blir meir brøyting i tida framover.

Det er også noko usikkerheit knytt opp mot sjølvkostområdet, særleg byggesaksområdet. Låg aktivitet i bransjen medfører lågare gebyrinntekter, noko som kan bety at området vil gå med underskot, dersom ikkje utviklinga snur.

Prognose for 2024 vil seie at samfunnsutvikling som heilheit kan få eit meirforbruk på 3,0 mill. kr, men det er stor sannsynlegheit for at denne summen kan auke dersom det snør meir, og dersom ikkje aktivitetsnivået aukar i byggebransjen.

Tiltak for å ta ned meirforbruket i Samfunnsutvikling

Vi ser no på heile samfunnsutvikling på kva for tiltak som kan gjerest for å imøtekomme utfordringsbileta. Det er mange tiltak som er sett i verk, og andre som vil bli sett i verk etter kvart i samsvar med budsjettet.

Bjørnafjorden, den 13.02.2024
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef